

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.05.2008
Sakhandsamar: Bjørn Tunglund
Saka gjeld: **Revisjonsprosjekt bierverv**

Arkivsak
2008/106/005
Styresak 070/08 B

Styremøte 04.06. 2008

Bakgrunn:

På sitt møte 07.april 2008, behandla revisjonskomiteen rapport frå internrevisjonsprosjektet Bierverv. Det blei då fatta følgjande:

"Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen tar rapporten til førebels orientering og vil endeleg behandla saka på neste møte 06.05. Internrevisor blir bedt om å lage ei sak om oppfølging med krav og frist for korleis rapporten skal følgjast opp."

Revisjonskomiteen behandla saka på ny i sitt møte 06. mai 2008.

Kort om innhaldet i prosjektrapporten

Prosjektet er ei undersøking av korleis dei fire sjukehusføretaka følgjer opp krav i styringsdokument og føretaksprotokoll med bakgrunn i Helsepersonellovas § 19. Krava som er stilt er at det skal utviklast felles og gjennomgåande retningsliner for bierverv for tilsette. Helseføretaka er pålagt å informere tilsette om føretakets felles retningsliner utvikla på grunnlag av retningsliner frå Helse Vest RHF, - at desse skal etterlevast. Innan 30.06.07 skal helseføretaka ha gått gjennom alle forhold kring bierverv og avvikla alle eventuelle avvik.

I rapporten kjem det fram at det er ein del å utsetja på dette:

- Det er ikkje etablert rutinar som sikrar at føretaksleiinga har kontroll med korleis og kva informasjon som blir formidla til dei tilsette om bierverv
- Organiseringa av arbeidet med bierverv gir for stort rom for individuelle og lokale avgjerder som ikkje er i tråd med retningslinene
- Det er fortsett kjente avvik som ikkje er avslutta
- Stor variasjon i korleis bierverv blir kartlagt. Statistikkar og oversikter vil dermed ikkje nødvendigvis reflektera dei faktiske forholda.
- Føretaka har i liten grad etablert formaliserte rutinar for kontroll og oppfølging av bierverv.

Etter internrevisors oppfatning viser dette manglande etterleving av klare forventningar og krav som har blitt stilt i både styringsdokument, og føretaksprotokoll. I tillegg har Helse Vest RHF i brev til

Riksrevisjonen (dagsett 09.03.07) formidla helseføretaka si oppsummering av at praksis var i tråd med forventningar og krav.

På dette grunnlaget vil revisjonskomiteen rå til følgjande

Forslag til vedtak:

- AD Helse Vest RHF bes om å utvikla ei ny rettleiing for biervervsområdet. Ved dette høve bør ein gjere ein juridisk vurdering om uttalen frå Sivilombudsmannen har skapt grunnlag for annan praksis og rom for skjøn enn det førre retningsliner hadde som føresetnad. I denne rettleiinga bør ein gjennomgå og avklare sentrale omgrep og tolkingar.
- Alle HF-a bør etablera eit sentralt, rådgivande organ for bierverv. Dette kan gjerne vera partsamansett. Arbeidsgivarrepresentantane i dette organet bør vera dei som behandlar (og gjerne har fullmakt til å fatta avgjerslene).
- Alle HF-a bør etablera ein sentral registrering av relevante bierverv. Tilsette bør informerast og oppmodast om å melde frå om bierverv skal meldast. Når bierverv blir avslutta, skal også dette meldast.
- Mal for arbeidsavtalane (med korrekt lovreferanse) bør takast i bruk omgåande.
- Informasjonsopplegget knytt til biervervsområdet bør vurderast på ny. Informasjon til dei tilsette bør vera frå føretaksleiinga og framstå som felles for heile føretaket.
- Internrevisor bes om å ta stikkprøvar på nyåret for å sjå om regeletterlevinga er god nok.